



ALBRECHTSEN KJERSTI OG STENHAUG RONNY
GRØNLANDSVEGEN 9
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/182 - 16/21068

Saksbehandlar:
Harry Finseth
harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:
04.11.2016

Varsel om pålegg om separering

Meland kommune er i ferd med å leggje om avløpsleidningane frå ei løysing med felles leidning for overvatn og avlaup (kloakk), til ei løysing der overvatn og avlaup går i kvar sine leidningar (separering). Kommunen tek ansvaret for separering av det kommunale nettet. Vi har tidlegare sendt deg informasjon om plikta den enkelte grunneigar har til å skilje (separere) overvatnet frå den private avløpsleidningen din per brev den 19.05.16. Her låg også ei informasjonsbrosjyre og reglar om tilskotsordning.

Tidlegare utsendt informasjon ligg også på heimesidene våre: <http://www.meland.kommune.no/separering>

Varsel om pålegg

Vi varslar herved at du må separere den private avløpsleidningen innan ferdigstilling av kommunen si separering. Dersom du ikkje gjer det, vil kommunen påleggje deg å separere. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetje tvangsmulkt. Anlegget til Meland kommune er venta ferdigstilt tidleg i 2017.

Tilbakemelding om utført arbeid

Når avløpsleidningen din er separert, må rørleggjar fylle ut vedlagt tilbakemeldingsskjema for utført arbeid. Du er ansvarleg for at skjemaet vert levert til kommunen.

Søknad om tilskot

Saman med tilbakemelding om utført arbeid kan du sende inn søknad om tilskot. Søknaden må innehalde kopi av alle kvitteringar/betalt faktura for utgiftene. Søknadsskjema ligg som vedlegg.

Handtere takvatn på eigen tomt

På nokre eigedomer vil det vere svært krevjande å leggje nye leidningar for takvatnet fram til kommunalt separatsystem. Kommunen vil i desse tilfella berre sette krav om at takvatnet vert fråkopla avlaupsleidninga, og at vatnet vert teke hand om på eige tomt. Fråkoplinga og handteringa på eigen

eigedom skal dokumenterast ved utfylt skjema og kart. Røyrleggjar nyttar skjemaet «Tilbakemelding om utført arbeid», og du er ansvarleg for at skjemaet vert levert til kommunen.

Lurer du på noko?

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56 17 10 00 (sentralbord) eller per e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Harry Finseth
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for søknad om tilskot
Tilbakemelding om utført arbeid

Kopi til:

Nortrans veg og anlegg AS
Skarsvåg rør og interiør AS